

ÅRBOK FOR KARMSUND

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE
OG
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND
1956

FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshäfte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekkja. Sidan siste årshäfte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknytning til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera *Årbok for Karmsund* til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skrive i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

NÅR KVALEN REK TIL LANDS

AV SVEIN STEINSNES

Det er ikkje kvar dag kvalen rek til lands, seier eit gamalt ord. Folk brukar det når det hender dei noko reint uventa gildt.

Gamle ordtak kviler ofte på lang røynsla. Av dette ordtaket går det fram at det og i gamle dagar var sjeldan at kval rak til lands. Amtmann B. C. de Fine skreiv i 1745 ei bok om Stavanger amt, og der fortel han om ein kval «som i min tid er inndreven af havet, rendte sig selv paa land og blev strandet.» De Fine må ha rekna dette for ei serhending som han måtte fortelja om. Han hadde vore amtmann i Stavanger amt i 20 år då han skreiv dette.

Sjølv om det ikkje hende ofte, så har me alltid, så langt norsk retts saga går, hatt lovføresegner om kval som rak til lands eller som dei fann rekande i sjøen. Alt i Gulatingslovi og Frostatingslovi var det slike føresegner. I noko endra form gjekk dei over i Magnus Lagabøtes Landslov frå 1274. Derifrå gjekk dei over i Christian den IV's Norske Lovbok frå 1604 og vidare til Christian den V's Norske Lov frå 1687. Føresegnene i Christian den V's Norske Lov galdt heilt til 1863. Då fekk me ny lov. I 1869 kom det ei ny lov istadenfor lovi frå 1863, og i 1939 fekk me dei føresegnene som gjeld no, § 18 i «Lov om fangst av hval» frå 16. juni 1939.

Både i Gulatingslovi og i Magnus Lagabøtes Landslov, Christian den IV's Norske Lovbok og Christian den V's Norske Lov var føresegnene såleis at ein odelsbonde (hald) eller betre mann vart eineigar om han på sjøen fann ein kval som var 18 alner eller mindre. Ein annan finnar vart eineigar av ein kval som var helvti så stor. Fann nokon på fiskestad ein større kval enn han hadde einrett til, skulle finnaren ha finnarspekk; elles åtte kongen kvalen.

I desse lovene heiter det og at dersom nokon fann ein kval så langt på havet at dei ikkje kunne få han til lands, så kunne dei

skjera så mykje av han som dei ville, men dei måtte ikkje skjera hol på han (så han sokk).

Rak kval til lands, åtte etter Gulatingslovi landeigaren kvalen dersom det var innangards; men var det utangards og kvalen var større enn finnaren hadde einrett til, åtte kongen helvti og landeigaren helvti. Etter Magnus Lagabøtes, Christian den IV's og Christian den V's lovbøker var det såleis at kongen og landeigaren åtte kvar sin halvpart så nær som finnarspekket. Dette galdt anten kvalen var stor eller liten og anten han var funnen innan- eller utangards.

Skaut nokon ein kval og kvalen rende på land, heiter det i Gulatingslovi, då åtte han som skaut, helvti og landeigaren helvti. Same føresegni står i Magnus Lagabøtes, Christian den IV's og Christian den V's lovbøker; men der heiter det vidare at dersom nokon skyt ein kval med merkt skot, og einkvan annan finn kvalen rekande, då eig han som skaut, og han som fann og berga kvalen, kvar sin halvpart.

Det var fleire føresegner og om kval som vart funnen, og føresegnene var ikkje alltid så greie å tolka. Men det som her er skrive, er nok til å visa samanhengen heilt frå Gulatingslovi. Det er og dei føresegnene som her er nemnde, som vart nytta eller kunne nyttast på dei kvalfunni som det snart skal forteljast om.

Med «Lov angående Ret til Hval» frå 1863 vart det eit omskifte. Men samanhengen med dei eldre lovene er likevel klår. Etter lovi frå 1863 skulle kongen ikkje ha noko av funnen kval. Finnaren vart eigar av ein kval som rak i sjøen; og ein kval som hadde reke til lands, tilhørde brukaren av grunnen. Hadde ein annan enn brukaren funne ein ilanddriven kval, fekk finnaren og brukaren kvar sin halvpart. Var ein funnen kval såra eller drepen av merkt skot, skulle han som åtte merket, ha tredjeparten av det kvalen var verd. Etter lovi frå 1869 var det på same måten, berre med den endring at det skulle avgjerast ved skjøn kor mykje han som hadde såra eller drepe kvalen skulle ha, dersom dei ikkje vart samde om det.

Lovi frå 1939 har og dei same føresegnene; men det står ingenting om merkt skot eller at den som har såra eller drepe kvalen, skal ha noko av han.

I alle lovbøkene frå og med Gulatingslovi til og med Christian den V's Norske Lov var det tale om finnarspekk. Det var den parten av kvalen som finnaren i sume høve skulle ha.

I Gulatingslovi 150 heiter det, etter omsetjing av professor Knut Robberstad:

«No finn nokon ein kval som kan ventast til lands og som er større enn han har finnar-einrett til, då skal finnaren ha finnarspekk. Han skal skjera merke i kvalen og sidan fara og seia frå til år mannen; då skal han ha finnarspekk av kvalen; han skal ha pilstykke: (taka eit) pilskaft so langt som ei mannshand og leggja det fire vegar og skjera inn til beinet, og (so skal han ha eit stykke) so langt som midskipsåri, leggja bast um åri der bladet tek til og skjera eit stykke til beinet, so breidt som bastet er langt (og) so langt som roren og so langt som ausfatet og skuttilja (plytten).»

Etter dei seinare lovbøkene skulle det svarast finnarspekk i fleire høve, og finnarspekket var ikkje alltid like stort. Det var ofte to famnar i firkant, eller «to Favne på hver Kant fireskåret» som det heiter i Christian den V's Norske Lov. Stundom var det ein famn i firkant og stundom ein halv famn.

Etter Frostatingslovi og Magnus Lagabøtes Landslov skulle finnarspekket skjerast frå finnen på kvalen og bakover sida og heilt inn til beinet. På same måten vart det tolka når det i Christian den IV's Norske Lovbok og i Christian den V's Norske Lov heiter at «Findings Spek skal skjæris fra Ryggen og tilbage til Finden alt ind til Been.»

Føresegnene om finnarspekk galdt heilt til 1863. Frå då av skulle, som nemnt, finnaren anten ha heile eller halve kvalen, og då vart det ikkje spørsmål om finnarspekk.

På museet i Haugesund er det ein gamal hoggestabbe av kvalbein, av ryggjabeinet på ein stor kval. Denne kvalen rak i land på garden Hibnes i Skudenes på vestsiden av Karmøy for lang tid sidan. Hoggestabben ser medteken ut både av bruk og alder. Museet fekk hoggestabben hjå no avlidne kyrkjesongar Elias Dyrland, Skudenes. Han samla på gamle ting og hadde teke vare på hoggestabben. Dyrland hadde til og med plombert eit stort hol i stabben med sement, så han skulle sjå heil ut. Det var Dyrland som fortalde at kvalen rak i land på Hibnes, men han visste ikkje kva tid det var.

Av tingboki for Karmsund 1810—1822 går det fram at kvalen vart funnen søndag den 26. januar 1817. Det var storm av vest-sørvest med svær sjø. Om søndags morgonen håtta Ola Larsson, Sjur Knutson og Hans Andersson, alle frå Hibnes, at ein kval hadde rent på grunn. Det var enno liv i kvalen. Han låg og arbeidde oppi steinane; men veret var så svært at dei kunne ikkje koma ut til kvalen. Dei heldt difor vakt på strandi heilt til måndags morgonen. Då hadde veret tålt seg så mykje at Jørgen Halvarson Hibnes og Johannes Andersson Hibnes greidde å setja tog på kvalen og gjera han fast.

Om sundagen melde dei straks frå til lensmannen om kvalen, og den 5. februar 1817 vart det halde eit rettsmøte i Skudeneshamn der dei som hadde berga kvalen måtte gjeva vitneutsegner om kvalfunnet og bergingi. Det var midt i sildefisket, og sorenskrivaren var nettopp komen til Skudeneshamn «som Politimester ved Schudenes Fiskevær» då lensmannen varsla han om kvalen som var funnen. Hibnesbuen hadde bede om at rettsmøtet vart halde så snart som råd var, for kvalen låg utsett, og det var fåre for at han kunne reka til havs att. Elles var det om å gjera at kvalen vart seld «medens den talrige Folkemængde såvel af Kjøbmænd som Almuesmænd, der i Anledning af Sildefiskeriet ere forsamlede, endnu ere tilstede i og ved Skudenæshavn.»

Det var ialt 10 mann forutan dei 5 grunneigarane som hadde vore med og berga kvalen, men då berre 6 av dei 15 var tilstades i rettsmøtet den 5. februar, vart saki utsett til den 7. s.m. Då vart dei andre avrøyrdde, og deretter sa sorenskrivaren såvoren orskurd:

«Ved den afholdte Bjergnings Forretning er det oplyst, at en Hvalfisk af Længde henved 27 Alen er kommen på Grund ved Gården Hembnæs i Stangelands Skibrede, og endelig som død indrevet på Stranden af bemeldte Gård, som ejes af 5 Odels- og Selvejrbønder, navnlig: Peder Olsen, Ole Larsen, Knud Rasmussen, Jørgen Halvorsen og Anders Jørgensen, hvilke have erklæret, at ville deele den dem tilkommende Part som Jorddrotter i 5 lige Deele; foruden disse have endnu 10 andre Personer af gården Hembnæs, navnlig 1. Sjur Knudsen, 2. Jørgen Andersen 3. Hans Andersen, 4. Ole Halvorsen, 5. Johannes Andersen, 6. Elias Fridrichsen, 7. Anders Andersen, 8. Halvor Jørgensen, 9. Ole Sivertsen og 10. Ole Olsen anmeldt sig som Findere effter indbyrdes Overenskomst, hvilke 15 Personer have påstået sig tilkjendt Findings Spek 2 Favne på hver Kant, til Deeling imellom sig. Da

denne hval effter de afgivne Forklaringer maa ansees at være funden i Fiskestrand, og Bjergerne med Fare og Anstrængelse have belagt den, samt herom på befaleet Måde gjort Anmeldelse til Lensmanden, tilkjendes herved samtlige 15 ovennævnte personer tilsammen, som Findere og Bjergere, i Overensstemmelse med Lovens 5 Bog 12 C: 8. Art: Findings Spek af Hvalen - 2 - siger To Favne på hver Kant fireskaaret. - De førstnævnte 5 Odels og Selvejerbønder Peder Olsen, Ole Larsen, Knud Rasmussen, Jørgen Halvorsen og Anders Jørgensen blive end videre i Følge Lovens 5 B: 12 C 4 art: som Jorddrotter tilkjendte den Halvedeel af den Summa som Hvalen, med Undtagelse af Findings Spekket ved Auction bliver udbragt til, hvorimod den anden Halvedeel bliver at beregne Stats Cassen til Indtægt.»

Kvalen på Hibnes vart seld på offentlig auksjon den 10. februar 1817. Auksjonen var i huset til Bartholdus Fredriks i Skudeneshamn. Med unnatak av finnarspekket vart kvalen seld til kjøpmann og riddar Peder Rosenkilde for 231 spesiedalar. Finnarspekket vart selt serskilt. Peder Rosenkilde kjøpte det og. Tilslaget var på 66 spesiedalar. Kjøpesumen for finnarspekket var m.a.o. 22,222 % av kjøpesumen for heile kvalen.

*

Jørgen Knutson Aarabrot, Skåre, som var fødd i 1843, fortalde meg for mange år sidan at då han var smågut, var det fleire på Arabrot som hadde hoggestabbar av ryggjabeinet på ein stor kval. Kvalen hadde rent på land og sett seg fast i ei liti smal vik, eller ein smal klove, som heiter Båsen. Det er i utmarki på Arabrot i Skåre. Der er så smalt at kvalen kunne ikkje snu og koma ut att. Jørgen fortalde at kvalen var ikkje heilt daud då dei fann han, men han hadde «fått dåien i seg», sa Jørgen. Dei rekna med at kvalen hadde vore sjuk og hadde rent på land i ørska. Lensmannen, som kom til stades, hadde sett staven sin i pusteholet, men då bles kvalen, så lensmannen fekk spruten over seg.

Dette hadde hendt før Jørgen si tid, og han visste ikkje noko nærmare om kva tid det var.

Denne kvalen er det og fortalt om i tingboki for Karmsund 1810—1822. I rettsmøte den 21. februar 1821 fortalde finnaren, folge-mann Hans Mikkelsen Arabrot, at han i solrenningi den 10. februar gjekk ut for å sjå etter ei geit som hadde kome bort. Då han kom nord i utmarki, såg han ein daud kval i Båsen. Hans gjekk straks heim etter tog til å festa kvalen med, og han fekk med folk til å

hjelpa seg. Han heldt tilsyn med kvalen og sende bod til lensmannen, Peder Bårdsen Myklabust. Dei var så heldige å finna lensmannen i Haugasundet. Han vart med ein gong med til Arabrot. Kvalen viste seg å vera omlag 26 ½ alner lang.

Gården Arabrot tilhørde bispestolen, og bøndene på Arabrot fekk difor ikkje noko av kvalen. I eit promemoria frå 1. mars 1800 heitte det at futane måtte syrgja for at kongen og ikkje bygslarane fekk den kvalen som rak inn på benefisert eigedom.

Finnaren derimot, Hans Mikkelson Arabrot, gjorde krav på finnarspekket.

Dagen etter, den 22. februar 1821, vart det sagt såvoren orskurd:

«Ved den afholdte Bjergningsforretning er det godtgjort, at Hans Michelsen Folgemand på Gården Årebråd har sidstleden 10de Februarii fundet en ved Gården Årebråds Strand opdreven død Hvalfisk af omtrent 26 ½ Alens Længde og derom gjort befalet Anmeldelse til Skibredets Lensmand, hvorfor han, da denne Hvalfisk er funden i Flodmål og Fiskestrand, har påstået sig tilkjendt Findings Spek efter Loven. — Da Gården Årebråd er Beneficeret Gods vil denne således til samme Strand opdrevne døde hvalfisk blive at tilkjende Statscassen med Undtagelse af Findings Spekket, der i Overensstemmelse med Lovens 5 - 12 - 8 måe blive at tilkjende Finderen. Thi bliver Finderen og Bjergeren Hans Michelsen Årebråd herved tilkjendt som Findings Spek af denne hval 2 siger To Favne - på hver Kant fiirskåret, Hvorimod den Summa som Bemeldte Hval med Undtagelse af dette Findings Spek, ved Auction måtte blive udbragt til bliver at beregne Statscassen til Indtægt.»

Same dagen som orskurden var sagt, vart det halde auksjon over kvalen. Det heiter i auksjonsboki:

«År 1821 den 22de Februarii blev ifølge Amtets Ordre af 14de næstforhen en offentlig Auction foretaget og afholdt udi Gjestgiver Ditlef Møllers iboende Huus i Hougesund for til Høystbydende at bortsælge en af Folgemand Hans Michelsen Årebråd funden og ved Gården Årebråds Strand opdreven død Hvalfisk med Undtagelse af det Finderen tilkjendte Findings-Spek. — — — — Efterat Auctions-Retten havde opholdt sig til Klokken henvend 3 Slet Eftermiddag for at samle Liebhabere, blev Auctions Conditionerne for den tilstedekomne talrige Forsamling lydeligen oplæst, og hvorefter den i en Viig kaldet nordre Båsen under Gården Årebrød inddreven og der beliggende døde Hvalfisk med Undtagelse af det Finderen tilkjendte Findings Spek som efter den afsagte Kjendelse er 2 Favner på hver Kant fiirskåret, på ovenmeldte Conditioner blev opraabt — — — — Efter Bud og Overbud blev om-

sider Høystbydende og Tilslaget givet Gjestgiver Ditlev Møller for den summa 67 spdlr. skriver Syv og Sexti Speciedaler — — —.»

Finnarspekket vart ikkje selt på auksjonen.

Soga om kvalen i Båsen var ikkje slutt med auksjonen den 22. februar 1821. Ein månads tid seinare, den 21. mars 1821, var det påny auksjon over den same kvalen, men då var kvalen «afspekket». Det var gastgjevar Ditlev Møller som hadde kravt auksjonen, han som hadde kjøpt kvalen på den fyrste auksjonen. Det heiter at kvalen no og var «ved Årebråds Strand beliggende». Kjøpar var Svein Tosteinson Austreim. Det må ha vore han som hadde overlate årabrotsbuen noko av ryggjabeinet til hoggestabbar.

*

Året etter, den 22. februar 1822, fann nokre jærbruar frå Sola sokn ein kval rekande på Boknafjorden. Det var 4 båtlag som var på sildefiske og var stasjonerte på Are i Bokn. Ein av fiskarane såg frå Varden på Are ein daud kval som låg og rak i fjorden omlag ei kvartmil sør-søraust frå Are. Han rodde straks ut med båtlaget sitt for å berga kvalen. To av dei andre lagi, som var ute for å draga garni, hadde og håtta kvalen, og dei 3 båtene kom omlag samstundes fram til han. Dei sette tog på kvalen og byrja å slepa han til lands. Noko seinare kom og det fjerde båtlaget og vart med på slepingi. Det var eit stridt arbeid, men dei kom seg innover. Då dei kom bortimot Solholmen, råka dei lensmannen, Asbjørn Kristofferson Føresvik, som var ute og drog sildegarni sine, og dei varsla han om funnet. Dei spurde han kor dei burde slepa kvalen hen, og lensmannen svara at den næmaste og tryggaste staden var Lauplandsvågen; og dei slepa kvalen inn der.

Dei 4 båtlagi, som var på tilsaman 27 mann, hadde vorte samde om at dei skulle vera saman om den bergingsparten av kvalen som fall på dei. Dagen etter selde dei denne parten til Fredrik Peterson, sonen til kjøpmann Boye Peterson, Stavanger.

Kvalen var mellom 29 og 30 alner lang. Lensmannen fortalde i retten at fleire stykke av spekket var borte både bak og framme på kvalen, og han meinte det måtte vera anten skore eller diksla ut.

Kvalen vart seld på auksjon i Føresvik, Bokn, den 4. mars 1822 for 133 spesiedalar. Kjøpar var kjøpmann Boye Peterson, Stavanger.

I orskurden, som fyrst vart sagd den 22. mars 1822, heiter det:

«I at bestemme den Andeel af denne Hvalfisk, som retmæssigen tilkommer Finderen og Bjergerne, som sådanne, giver Lovens 5te Bogs 12 Capt. 7de Artkl. en sikker Vejledning, thi denne Artikel siger udtrykkelig, at når Hval, som er skudt med mærkede Skud, findes på Dybet *da ejer den halvparten som fandt og bjergede den*; da nu Maaden hvorpaa Hvalen er dræbt ikke kan gjøre nogen Forandring i Findernes og Bjergernes Arbejde eller øvrige Forhold, altsaa heller ikke i deres Rettigheder, saa kan heraf med Vished antages, at det er aldeles Analog med Lovens Premis, at Finderne og Bjergerne i nærværende Tilfælde, hvor Hvalen er funden på Dybet, omtrent en Fjerdingsvej udi Buknefjorden, tilkjendes, effterat Omkostningerne ere udbetalte, Halvparten af bemeldte Hvalfisk, eller af den Sum 133 Sp., som den ved Auctionen den 4de Mart. blev udbragt til; Thi bliver Bjergerne og Findernes Andeel af denne til Løblandsvaagen indbjergede og siden bortsolgte Hvalfisk, effterat alle i Anledning af Bjergnings Forretningen og Auctionen medgaaede Omkostninger, og deriblandt den constituerede Lensmand Asbjørn Christophersens irettelagte Regning, stor Een Specie 28 Skilling, ere udredede, herved bestemt at være Halvparten af det for denne Hvalfisk gjorte højeste Bud som var 133 Spdlr., hvilken Halvpart udbetales til Kjøbmand Boje Petersens Søn Fredrich Petersen til hvem Finderne og Bjergerne have overdraget deres Ret i Hvalen, med Sex og Sexti og en Halv Specie, hvorimod den anden Halvpart, Bliver med et lige Beløb at Beregne Statens Casse til Indtægt.»

*

Laurdag den 25. mars 1815 om føremiddagen håtta Lars Larsson Ystabø på Kvitsøy eitkvart langt ute på havet men kunne ikkje sjå kva det var. Han varsla stykkfar sin, bonde, gastgjevar og los Johannes Johannesson Ystabø; men han kunne heller ikkje greia kva det var, sjølv om han brukte kikkerten. Dei fekk 2 andre med seg og siglde straks ut og skulle sjå kva det var som rak der ute. Dei trudde helst det måtte vera eit vrak. Det var frisk kuling frå sør-søraust og svær sjø. Etter at dei hadde siglt og rott over ein time, kom dei fram, og dei såg då at det var ein daud kval. Det kom no ein båt til med 4 mann i. Etter sams strev og møda fekk dei tog på kvalen og byrja slepa han mot land. Dei hadde vinden mot seg, og sjøen slo stadig over dei, så det gjekk på livet laust. Då dei hadde slite og rott ein times tid, kom det ein tredje båt med 3 mann i, og dei og vart med på slepingi. Fyrst klokka 7 om kvelden kom dei til lands med kvalen.

Det vart halde rettsmøte på Ystabø den 29. mars, og etter at

bergarane hadde gjeve sine utsegner, gjekk retten og bergarane til Kalholmen, der kvalen låg, for å mæla kor stor han var. Deretter heiter det i tingboki:

«Iøvrigt Befandtes at allerede megen Fedme gikk ud af Hvalen, som ansaaes at være en død Silde Hval, tilligemed en hæsliq stank, hvorfor Bjergerne ærbødigst bade at der fra Rettens Side måtte med mueligste Hastighed Blive iverksat det Fornødne, da den fundne Hvalfisk ellers vil Bedærvs i den grad at ingen kan Arbejde på den for Stank.»

Orskurden, som vart sagd dagen etter, lyder såleis:

«Ved de afhørte Bjergeres Udsigende, er det oplyst: at Johannes Johannesen Østebøe, Lars Larsen Østebøe, Anders Andersen Østebøe, Ole Jacobsen Østebøe, herr Hans Kamstrup Petersen von Fyhren, Jacob Jacobsen Meling, Bjørn Knudsen Haaland, Peder Larsen Nordbøe, Bjørn Gabrielsen Meling, Ener Enersen Haaland og Bent Bentsen Nordbøe alle af Hviddingsøe, have den 25de Martii d. A. fundet en død Hvalfisk af Længde 23 Alen, langt ude i det aabne Hav og over en Søemiil uden for alle Skiær, hvilken de med stor Anstrængelse ja endog Livsfare endelig lykkelig have bjerget og Buxeret til Lands paa Hviddingsøe og derefter strax herom gjordt Anmeldelse til Amtet. Da Loven betragter funden Hval gandske anderledes end Vrag og denne Hvalfisk er funden i det aabne Hav udenfor Statens Territorial Høyhed, skjønner Dommeren ikke at Staten retfærdeligen Bør tilfalde nogen Deel af samme uagtet dens Størrelse; thi Lovens 5—12—1 handler ey om Hval som findes i det aabne Hav og den paafølgende 12te Artikel, som er den eeneste der handler om dette Tilfælde, tillader Finderen at skjære saa meget deraf som han vil, altsaa var det ham ey formeent at Beholde den heele Hval om han kunde bjerge den. Artiklen forbyder blot at skjære Hul paa den, paa det at det overblevne mueligen endnu kunde komme nogen til Nytte, tilmed har Kongen aldeeles ikke i denne Artikkel forbeholdt sig nogen Andeel, saadan som i andre Tilfælde. — Har nu Finderen Ret til at beholde den hele Hval om han kan bjerge den paa Havet saa synes det stridende mod Ret og Billighed at han til Belønning for sin Drifftighed Med Anstrængelse og Fare med at Bjerge den til Lands skulle miste det halve eller en Deel af samme. — Dommeren kan derfor i betragtning af Omstendighederne ikke andet end Billige Findernes Paastand og tilkjende dem den heele Hval, dog mod at udrede denne Forretnings Omkostninger og skal Resultatet strax Blive Amtet indberettet til fornøden Underretning.»

*

I ei seinare auksjonsbok for Karmsund er det og fortalt om eit kvalfunn. Det heiter:

«Aar 1846 den 24 Mars blev ifølge Requisition fra Ryfylke Fogderie en offentlig Auction afholdt i Landhandler Møllers Huus i Haugesund over en ved Svinholmen i Haugesund beliggende Hvalfisk 22 ½ Alen lang.»

Det var Jørgen Mikal Grønhaug frå Skåre som hadde funne kvalen på rek utmed Urter og hadde slepa han inn til Svinholmen.

Kvalen vart seld for 152 spesiedalar og 1 ort til grosserar H. N. Sunde frå Flekkefjord.

Etter auksjonsboki gjorde finnaren her krav på finnarspekket, anten sjølve finnarspekket eller betaling for det. Vidare gjorde han krav på vederlag for transporten av kvalen frå Urter til Haugesund og for tilsyn med han til auksjonsdagen.

Kva han fekk, står det ingen ting om i auksjonsboki.

I tingboki finst det ingen ting om denne kvalen, så me får ikkje vita kor mykje Jørgen Mikal Grønhaug fekk av kvalen og kor mykje statskassa fekk. Ikkje står det noko om det i ekstrarettsprotokollen heller. Hadde lovi her vorte tolka på same måten som i 1822 — kvalen frå Boknafjorden —, skulle finnaren i røyndi hatt halve kvalen.

*

Alle dei 5 kvalane som det her er fortalt om, vart funne i den tidi føresegnene i Christian den V's Norske Lov om kvalfunn galdt. Likevel ser me at kvalen eller kjøpesumen vart skift på ulik måte i dei fire tilfelli me veit korleis det vart gjort:

1. På Hibnes fekk finnarane og bergarane finnarspekk. Dei sjølv-eigande bøndene fekk helvti av resten, og kongen fekk den andre helvti.
2. På Årabrot fekk finnaren finnarspekk, og kongen, statskassa, fekk heile kvalen utanom finnarspekket avdi garden var benefisert gods.
3. Av kvalen frå Boknafjorden fekk finnarane halvparten og kongen halvparten.
4. Finnarane fekk heile kvalen som vart funnen utanfor Kvitsøy.

I 1953 fekk museet ein gamal skutel eller handharpun hjå Lars Skjelde, Utsira. Skutelen har to lealause mothakar med egg på fram-sida, fal eller hylsa til å setja eit laust treskaft i, og ring til å festa ei lina i.

Skjelde hadde kring fire år tidlegare funne skutelen i eit gammalt sjøhus i Utsira. Johannes Skåren, fødd 1864. fortalde då at kring 1870, då han var smågut, kom det ein stor kval symjande inn Nordvikevågen i Utsira, og to ganske små fylgde etter han. Dei fekk fanga alle 3 kvalane. Den store var sjuk og hadde ein jarnharpun i seg. Skåren hadde ikkje kjennskap til at ein såvoren reiskap hadde vore brukt i Utsira og meinte at den skutelen som Skjelde hadde funne, måtte vera den som var i kvalen.

No kan ein ikkje vera trygg på at det er den same skutelen. For det fyrste skulle skutelen som var i kvalen, etter «Lov angaaende ret til Hval», både den frå 1863 og den frå 1869, ha vore innsend til lensmannen som skulle ha freista å få greia på kven som åtte reiskapen; for eigaren av skutelen hadde rett til ein part av kvalen. For det andre kan ein rekna med at dei må ha hatt slike skutlar i Utsira i gamle dagar.

På museet er det fleire skutlar, og me veit at det har funnest slike både her på våre kantar og truleg frammed heile kysten.

Tidlegare var det vanleg at folk brukte skutlar, og den dag idag stikk folk brugda, størja, håbrand, nisa og kanskje anna med skutel.

Brugda ligg gjerne og flyt i vasskorpa, serleg i solrenningi, og er då svært roleg av seg.

På Bømlo og Bremnes hadde dei i gamle dagar serskilte brugdebåtar, seksæringar, som gjerne heile garden åtte saman. Var einkvan på sjøen og såg brugda, heiste han eitkvart opp i mastri som teikn på at dei måtte koma med brugdebåten.

Størja er meir sky. Men når ein størjeflokk går i åta og ikkje vyrder nokon ting, kan dei få ho med skutel.

Ein mann frå Jelsa fortalde at når dei såg det var størja i fjorden, flødde dei med sild eller brisling. Då kom størja sigande for å taka fly, og så stakk dei henne med «størjejem». Dei hadde teke mykje størja på den måten.

I Strandvik og andre stader stikk dei størja når ho sig roleg utanfor silde- eller brislingsteng. Men det er berre utanføre sine eigne steng dei torer gjera det; for størja kan renna på noti og øydeleggja stenget.

Dei fortel at når størja får skutelen i seg, går ho til botnar, og det hender at ho greier å skura skutelen or seg.

Når dei fiskar sei med snøre, hender det at håbranden hengjer

seg på og bit av fisken. Då stikk dei han med skutel, fortel ein torvastadbu.

Om nisa seier dei at i paringstidi stryk ho seg oppunder båt-sida og er då lett å få med skutel.

Til kring 1900 stakk dei springar med skutel på Sletto.

Ombord på seglskipi hadde dei og skutlar. Det er fortalt at på fullriggaren «Haugar» av Haugesund stakk dei springar med skutel i 1900—1901 i nordaustpassaten. Dei sat på vaterstaget med skutelen når springaren leika seg i skumvatnet. Det var helst for moro dei stakk springar men og for å få byte på maten — fersk kjøtmat. Dei mol kjøtet opp til kjøtkaker. Enno hender det at dei stikk springar frå halvstore farty og lagar biff eller kjøtkaker av han.

Ein skårebu fortalde at han hadde vore med og stukke ein springar med skutel på austkysten av Amerika. «Han skreik som eit menneske», sa han. Elles plar ein rekna springaren til dei «umælende».

At dei tidlegare og har stukke stor kval med skutel, skjønar me av den kvalen som kom inn til Utsira med skutel i seg.

Frå 1906 lyt ein rekna med at det var forbode å stikka større kval med skutel. I «Lov om Hvalfangst» frå 6. juni det året heiter det i § 6:


«Det er forbudt at bruke Jagtmaader, hvorved det kun afhænger af Tilfældet, om Hvalen bliver gjenfunden.»

Når dei stakk med skutel og hadde fisken nær nok, kørde dei skutelen i fisken utan å sleppa skaftet. Dei brukte slik kraft at når dei ikkje råka, hende det at dei stupte or båten. Var fisken lenger frå båten, kasta dei skutelen som eit spjot.

Dei sette lina fast både i jarnet på skutelen og i øvre enden på skaftet, såleis at det var slakk lina mellom dei to festi. Når dei då råka og fisken rykte til, vart skaftet rykt or falen eller hylsa på jarnet og vart hangande i lina.

I andre enden på lina var det festa ei blåsa eller ein kagg som dei kasta på sjøen med det same dei hadde råka og fisken drog lina ut. Fisken for avstad, og dei i båten måtte sprengro for ikkje å missa blåsa eller kaggen av syne. Når fisken hadde sprengt seg, kunne dei hala han inn.

Både reiskapen og namnet skutel er gamle. I Gulatingslovi 91 heiter det:




Handharpunar, skutlar, i museet i Haugesund. 1. Skutel frå Nordvik i Utsira med to lause mothakar i skotstilling. 36 cm l. 2. Skutel frå ukjend stad med ein mothake, her i skotstilling. 66 cm l. 3. Skutel frå Haugesund med to lause mothakar, her i stilling «fast fisk». Slike som denne helst nytta til å harpunera springar med. 67 cm l. 4. Skutel frå Karmøy. Odden er ein laus led som stiller seg på tvers som ein mothake ved fast fisk, 85 cm l.

«No skutlar (harpunerar) nokon ein sel, då skal den som finn selen, eiga han, men den som skutla, skal ha skutelen sin, um skutelen fylgjer.» (Robberstads omsetjing.)

Skutil heiter det i den gamalnorske teksti.

Avlidne los Elling Haugland, Utsira, fortalde at i 1895 eller 1896, i mars månad, fann Thomas Helgesen ein stor kval som hadde rent seg fast på vestsida av Utsira, i Hengholmsundet mellom Storhaugeviki og Jensaviki. Thomas Helgesen fekk med seg brørne sine og slepa kvalen til Kvalvikevågen og fortødde han der.



5. Handharpun frå Haugesund med lause mothakar, a) i skotstilling, b «fast fisk», 62 cm l. Denne var nytta i 1880-åra ombord i fullriggar «Haugesund» til å harpunera springar med. 6. Skutel med fast mothake, frå Haugesund. Brukt på håkjerring- og klappmusfangst ved Svalbard i 1870-åri. Nyttå som klepp til å stikka dyri med etter at dei var fanga, så dei ikkje skulle søkka. 42 cm l. Var forsynt med eit 3-4 m l. treskaft. 7. Odden av langt, lanseforma spjot, «lensa», frå Haugesund, til å drepa kvalen med når han var harpunert. Det lanseforma bladet er 12 cm l., lensa er 1,60 m l. med fal for treskaft i enden. Nr. 3, 6 og 7 har tilhøyrt skipper og fangstmann Nils J. Hauge.

Dei måtte bruka taljer for å få kvalen av land. Så fast stod han. Kvalen var 21 alner lang.

Dei selde kvalen til Ole Olsen som hadde trankokeri på Kalhamaren i Stavanger, og dei slepa kvalen til Stavanger med slepebåt.

Etter den lovi som galdt då, lovi fra 1869, skulle kongen ikkje ha noko av kvalen, og det var difor ikkje naudsynt å halde auk-sjon.

Dette er den siste store kvalen eg veit om, som har kome til

lands her på våre kantar, men no dei siste åri har det kome to mindre kvalar på land i Utsira.

Kring 1948 på vårparten låg det i Tednevik i Austreimsmarki i Utsira ei minka, ein sumarskval dei kallar, 10, 12 meter lang. Kvalen låg der og rotna. Han lukta sterkt, og det flaut «ei fettlydna» på sjøen kringom han. Dei gjorde ingen ting med kvalen, og han vart truleg liggjande til det kom ei sjori og sjøen tok han. Dei rekna med at det var ein kvalfangar som hadde skote kvalen og mist han.

I februar 1955 var det to smågutar på Nordvik i Utsira som fann ein staurkval som hadde kome heilt opp på land i Teistaviki på Nordvik. Kvalen levde då dei fann han, og dei fortel at han brølte og slo med sporden då gutane stakk i han med ein kniv. Mannfolki var på fiske, men gutane og mødrene deira skar kvalen opp og selde han til Arnesens Trandamperi i Torvastad, så gutane gjorde eit lite fiske dei og.

Når det skal forteljast om kval som har kome til lands, lyt ein og taka med saga om Tjerand Øynå som reid på ein kval. Tjerand var fødd på Fjon i Sveio i 1822 og budde, etter han var gift, på Lindøy i Sveio. Ein gong dei hadde gjort eit steng i Aalfjord, var det kome ein staurkval inn i stenget. Tjerand, som då var ung og spretten, var med i notabåten. Best det var, kom kvalen opp attmed båten. Tjerand sette seg på skrevs over kvalen, tok tak i uggen — «stauren» — og heldt seg fast. Kvalen vart skremd og for rundt i stenget med Tjerand på ryggen og sette til slutt beint på land. Då hoppa Tjerand av og kom heilskapa frå rideturen. Dette må ha vore kring 1840.